



Technogarden AS  
Norin Dilawar  
Vestfjordgaten 4  
1338 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8041 - 22/48871

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
23.06.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 29/5 Hauge

Tiltak: anlegg  
Byggjestad: Gbnr: 29/5  
Tiltakshavar: Telenor Infra AS  
Ansvarleg søkjar: Technogarden AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.04.2022.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ut frå det kommunen kan sjå er det nytta same situasjonskart med same plassering i endringssøknad, som i orginal søknad. Det er søkt om godkjend plassering med eit slingringsmonn på 20 meter.

Kommunen må gje løyve til plassering av tiltak. Det er dermed naudsynt med ei punktplassering av tiltak. Dette gjeld både mast og utstyrshytte. Det kan ikkje gjevast løyve til plassering med slingringsmonn på 20 meter.

Dersom plassering ikkje er endeleg avklart må dette gjerast før søknad kan takast til endeleg handsaming. Det må sendast inn oppdatert situasjonskart før søknad kan vurderast vidare. Dersom dykk ynskjer å plassere tiltak i samsvar med administrativt vedtak 1316/21, er det ikkje naudsynt med endringssøknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **28.07.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### GENERELL INFORMASJON

**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Technogarden AS  
Telenor Infra AS

Vestfjordgaten 4  
Postboks 800

1338 SANDVIKA  
1331 FORNEBU